



KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 01.06.2016  
Vår ref.: 2015/5194-6  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Overtaking av Borgundøy og Fjelbergøy ferjekaiar

Me syner til møte med Kvinnherad kommune den 5. april 2016, der me med grunnlag i eit vedtak i fylkesutvalet drøfta mogeleg fylkeskommunal overtaking av dei kommunale ferjekaiane på Borgundøy og Fjelbergøy. Kvinnherad kommune var i utgongspunktet positive til å overdra kaiane til fylkeskommune, men på bakgrunn av det dei siste åra er føreteke vesentleg oppgradering/vedlikehald på Borgundøy kai, ynskte kommunen å få dekka inn halvparten av det som er påkosta, om lag 4,25 mill kr.

På møte drøfta me ulike måtar å løysa finansieringsspørsmålet på, og eit alternativ som var nemnt var å ta det inn som eit fylkeskommunalt tilskot til ein framtidig Kvinnheradspakke. Etter å ha vurdert dette nærmare har me kome til at det er ei lite tenleg løysing å binda fylkeskommunen opp til å dekka denne investeringa gjennom eit tilskot til ein framtidig Kvinnheradspakke i tillegg andre fylkeskommunale midlar som vil bli lagt inn i pakken.

Fylkeskommunen har tidlegare varsla Kvinnherad kommune om at ein ikkje kan vera med å dekka investeringskostnader på kommunal eigedom. Me finn etter ei ny vurdering å måtte stå fast på den avgjerda.

Etter møte med kommunen hadde me synfaring på ferjesambandet. Sjølv om mykje er gjort på Borgundøy, bør det likevel gjerast oppgraderingar på ferjekaiane før nytt ferjeambod vert sett i verk. Dette for å sikra ein mest mogeleg lik standard på dei kaiane som fylkeskommunen nyttar i ferjedrifta, og for å ivareta tryggleiken for dei reisande og materiellet.

Fylkeskommunen ynskjer å ta over eigarskapet til ferjekaiane, og me ber kommunen om å vurdera dette i lys av ovanståande. I samsvar med vedtaket i den politiske saka (Fuv-sak 179/2015) om overtaking av ferjekaiane, skal vilkåra for å ta over kaiane leggjast fram for fylkeskommunale politiske organ. Me legg opp til å gjera det på møte etter sommaren, og ber om tilbakemelding på om det er grunnlag for å gå vidare med saka i form av eit avtaleutkast om overdraging.

Håkon Rasmussen  
fylkessjef samferdsel

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.